

Til  
Offentleg mynde  
Naboar/rettshavarar  
Lag og organisasjonar

DERES REF: 201701 | VÅR REF: A2305  
DOKUMENTKODE: A2305-PLAN-PBL-01  
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 13.januar 2017

## MELDING OM OPPSTART DETALJREGULERING FOR DELER AV GNR./BNR. 23/1, VEG OG KAI, TROSNVÅG, BOKN KOMMUNE (PLANID: 201701)

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering for deler av gnr./bnr. 23/1 på Trosnavåg i Bokn kommune.

Grieg Seafood Rogaland AS er forslagsstillar, og Multiconsult ASA er utførande konsulent.

### Planområdet

Planområdet inkluderer areal for ny tilkomst veg fram til eksisterande og framtidig kai. Avgrensinga av planområdet grensar inntil eksisterande reguleringsplan for Trosnavåg settefiskanlegg. Planområdet er om lag 17,4 daa stort. I planframlegget er det ønske om å regulere eksisterande kai slik at denne kan nyttast fram til ny kai blir realisert, samt å regulere noko areal i sjø til ferdsle. Areal til veg og kai er i kommuneplanen avsett til LNF-område og bruk og vern av sjø og vassdrag, samt at deler av området er omfatta av omsynssone for natur (H560\_10, kystlynghei). Tilgrensande areal i sjø er avsett til kast- og lossettingsplass, FFNF (fiske/ ferdsle/ natur- og friluftsområde) og SA (småbåtanlegg). Den sørlegaste delen av planområdet ligg innanfor omsynssone H310\_36, som er ei faresone for stein- og snøras.

Planavgrensinga er vist på vedlagt kartutsnitt.

### Føremål med planarbeidet

Grieg Seafood Rogaland AS har eit eksisterande settefiskanlegg innerst i Trosnavåg. Settefiskanlegget har vore i drift sidan 1984. Anlegget har i dag konsesjon på 5 millionar smolt per år. Verksemda har fått godkjent søknad om å utvida produksjonskonsesjon til 15 millionar smolt per år. Det er utarbeida reguleringsplan for sjølve anlegget med tilkomst frå fylkesvegen (R-200802). Den nye planen grensar inntil den eksisterande.

Settefiskanlegget er avhengig av båttransport for utsending av lakseyngel og smolt, og i dag leverer anlegget fisk med sjøleidning ut til eksisterande kai på nordsida av Trosnavågen. Mykje av leveransen skjer nattetid. Det er stor slitasje på leidningen og det er behov for vedlikehald/skifte av leidning kvart 3-4 år. Det er ikkje vegtilkomst til eksisterande kai, og ved utlevering av smolt må tilsette ut i båt. Kaien må ligge

på utsida av vågen pga. grunne djupneforhold i vågen. For å betra effektiviteten og tryggleiken for både drifta og dei tilsette og i høve til rømming av fisk, ønskjer Grieg Seafood Rogaland avd. Trosnavåg å etablere køyreveg og snuplass ved ny kai på nordsida av Mjelkestøhomen. Eksisterande kai har tilstrekkeleg dimensjon for mindre brønnbåtar. Per i dag er det fartøy med breidde ca. 12 m og djuptgåande 6 m som trafikkerer anlegget. Utviklinga går i retning av større fartøy for fisketransport, i nær framtid vil eit typisk fisketransportfartøy ha breidde 16 m og djuptgåande på om lag 7 m. Multiconsult har erfaring med at nye kaianlegg dimensjonert for større moderne brønnbåtar må vera dimensjonert for djupne -9 m. Dette gjer at ein no ønskjer å regulere areal for å kunne etablere ei større kai, dimensjonert for framtidens brønnbåtar.

Innerst i vågen inkluderer planområdet eit område med eksisterande kum for å sikre framtidig utbetring av denne.

### Vurdering av planarbeidet

Det er gjennomført forhandskonferanse/oppstartsmøte med Bokn kommune 10.02.2016. Planarbeidet er vurdert i høve til konsekvensforskrifta, og Bokn kommune ser at det ikkje er trong for planprogram og konsekvensutgreiing (sjå vedlagt vurdering og svarbrev frå Bokn kommune). Sjølv utan krav om konsekvensutgreiing vil relevante fagtema verta skildra i planomtalen. Relevante fagtema vil vera landskap, natur, friluftsliv, landbruk, kultur, ferdsel på sjø og strandsone, samt ROS-analyse.

### Innspel

Innspel og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

#### Multiconsult ASA

Kunnskapshuset

Sæ 132

5417 Stord

Eller elektronisk til:

[oyvind.skaar@multiconsult.no](mailto:oyvind.skaar@multiconsult.no)

Oppstart av detaljreguleringa vert kunngjort på [www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer).

Frist for merknadar er sett til: 01.03.2017 (6 veke)

### Vidare saksgang

Etter at innspelsfristen er ute, vil Multiconsult ASA utarbeida planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Planframlegget vil bli handsama av Bokn kommune ved politisk utval som vedtek utlegging til offentleg ettersyn. Det vil då òg bli høve til å koma med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing

**Multiconsult**



Øyvind Skaar

Arealplanleggjar 100%, Plan og utredning

1. Planavgrensing
2. Oversiktskart
3. Adresseliste – offentlege instansar
4. Vurderingar etter konsekvensforskrifta og svarbrev frå Bokn kommune